

# Spøtevarer fra Bjerkreim

\*

Følgjande forfattarar:

I

Arnfinn Olav Kalhovd, Åseral

og

Rolf Hetland, Ålgård

II

Paul Tengedal, Bjerkreim

\*

*Denne artikkelen har sitt utspring i at Rolf Hetland på et møte i Ættesogelaget i Bjerkreim i 2014 etterlyste om noen visste om salg av spøtevarer fra Bjerkreim i eldre tid. Dette var det ingen som hadde kjennskap til. Rolf hadde funnet ut at det måtte ha foregått en betydelig handel av spøtevarer for salg på Austlandet. Noe som også Arnfinn Olav Kalhovd hadde funnet ut.*

*Men så kunne Valborg Apeland (f.1920) fortelle om spøteaktiviteten i bygda som hun minnes fram til 1980-åra. Alle disse opplysningene er samla i denne artikkelen.*



*Ferdsel med spøtevarer fra Bjerkreim gikk over heiene og til Austlandet. Kløvhester kunne ta et stort lass spøtevarer på ryggen, så lenge det var tørt. Til å skjerme spotelasset mot regn vart geiteskinn brukt. Disse vart også oppkjøpt og solgt på Austlandet sammen med spøtevarene.*

# I

## Arnfinn Olav Kalhovd, Åseral og Rolf Hetland, Ålgård

### GYLENDINGANE

Me kan vel starta med å sitera litt av ein artikkel ”Det rek gjennom bygdene alle slags handlarar” som sto på [www.arkeologi.i.nord.no](http://www.arkeologi.i.nord.no) i 2013.

”I tradisjonsmaterialet er både ulike vareslag og hvem som førte de ulike varene mye omtalt. Her skriver f.eks Gisle Midtun om Setesdal. Det var hestehandlere fra Hardanger, Sirdal og Ryfylkebygdene, som kom med humle og andre varer som de byttet eller solgte, mens de kjøpte skinn med seg tilbake. Kveghandlere kom fra ulike hold. Tinndøler, numedøler og utmenn (Setesdølenes navn på folk fra bygdene sør for dalen) kom med kram, Gylendingene med strikkevarer og geiteskinn, og fra Nedeneskysten kom folk med jernvare. Fra Telemark skriver Rikard Berge om hardingene som holdt hestemarked på Hardingplassen i Rauland, og om tinndøler som krysset vidda med ljàene sine. Vestlendinger kjøpte opp fjordhester og solgte dem over hele Telemark, ja enda i Numedal og enda lenger øst”.

Det er altså ikke sant det gamle, om at det var bare salt de kjøpte.

Etter Johannes Skar: Gamalt or Setesdal.

So va det « gylendingann, dei var so visse med spit (strikkevarer) kvart år. Dei var heilt til Skien og Ulefoss med spit. So kom dei att med brynestein og humle og skinn, og med tobak og nåler og ymse småvarer. Både når dei kom til dalen og når dei tok heimatt heldt dei «Normannsvegien og kvilde i Lognevassgarann i Åseral. Da låg dei i Nordgarden allstødt (alltid). Hestane beitte dei «Føø» (Tøa er eit stadnamn på andre sida av Kilen), på hi ledi av «Nordgardskilen». So gav dei nåler i leige. Beiteshagen heiter «Nålevodden» den dag i dag.

”I visse historiske perioder brukte kvinnene en hel del nåler for å holde klærne på plass. Da nålene var håndlagte, ofte kunstferdige utført, og da nålemakerene måtte betale store summer for en monopol-bevilgning, var de temmelig dyre”.(Jærbladet 15/2-1989)

Gylendingann var frå Skare i Gyland. Dei hadde handla med spit, son etter far, fra ævorleg tid, det var «Lars Jakopsson» og «Jakop Larsson» allfort, og so er det enno. Det er tri hundra år sidan Tori Olavsson Åknes. Og alt då var gylendingane å vange (på ferde).

Tori hadde slik moddor (skøyerstrek) med gylendingann ein gong dei kom av Austlandet, Kvart år tok dei på Austlandet med spit og geiteskinn, so kom dei att med humle og tobak og brynesteinar og onnor vare.

Dei kom Normannvegen til Austegarden, Frå Kaddehåmåren tok dei yver Ryggjebakk og slapp om Åknes så ingen såg dei. Men Tori gadde (såg dei) på Nordgardsvollen på hi ledi (på andre sida) av Kjilen. So ropa han til dei: «Bia no di. Vi di kje kama heim å fa dukko noko mat, di kan hava godt av det so på reiso,» sa han. «Du ska ha takk,» sa dei, «de æ ræktig nokk ein krog å reisa tebage, men det er ikkje tidt ein treffer so gilde folk, so me lyt heller gjer de,»sa dei.

«Ja di he vel tobak,» sa han - han var kalleg tobaksgalen.

«Nei, me he kje nogo denne gångje,» sa dei.

«Di he da so mykje som ei tugge, veit eg,» sa han.

«Nei, mi sann me he kje fluse (litt),» sa dei. Då braut han i:

«Reise med dukko,» sa han. «inkje fare mannevegjen - fare høgt pi lian di Gjylanns Gjeisskjinn-honnskjeisu,» skreik han so det svara i lidene.

## TORE ÅKNES

I «Gamalt or Setesdal» har Johannes Skar tatt med ein del tradisjon om ein han kallar Tore Olavsson som budde i Åknes. I «Åseral gard og ætt» skriv Tarjei Liestøl at ved gjennomgang i arkiva er det ikkje funne nokon med dette namnet som hadde gard i Åknes i Åseral. Tarjei Liestøl skriv vidare, truleg har sogemannen som fortalde for Johannes Skar tatt feil av farsnamnet til Tore. Men noko av tradisjonen kan passa på Tore Gunnulvsson Åknes, fødd 1662, frivillig skifte 1734. Han var eigar av bnr. 1 i Åknes. Kona hans heitte Targjerd

Professor Knut Liestøl har og ein historie om Tore Åknes og gylendingane: Ein gong tok Tore Åknes ei nål frå gylendingane og ga til kvinnfolka. «Sjå her Targjerd, her er ei nål han vil gjeva dykk». «Nei, misann eg kan ikkje vera av med nåla, eg har bare denne nåla», sa gylendingen. «Han seier de må ha nåla», sa Tore.

I forteljningane om Tore møter vi ein eigenrådig, tverr og farlig bonde som stadig låg i basketak med naboar, besøkjande og øvrigheta. Det er ikkje uvanleg at det lagar seg sagnkretsar om slike personar (Bygdeboka for Åseral mener dette er Tor Gunnulvson Åknes født 1662- frivillig skifte 1734).

## HANDELSKARAR FRA GYLAND

Johannes Skar skriv at gylendingane som kom med strikkevarer var frå Skare i Gyland og at dei som regel heitte Lars Jakobsson eller Jakob Larsson. I bygdeboka for Gyland finn eg desse handelskarane som fôr med strikkevarer austover.

**Lars Jakobsson Gyland / Skaret**, f. 1778, d. 1846

g. 1. m. Anna Nilsdtr. Seljord, Gyland, d. 1833

g. 2. 1834 m. enka Karen Tollaksdtr. Nedland

1805 kjøpte Lars eit bruk i Skaret. Han var av dei gylendingane som reiste austover på handel. Lars budde på Nedland da han døydd 68 år gamal.

(Bygdebok for Gyland side 538)

**Lars Larsson Skaret / Mydland**, f. 1809, d. 1870

g. 1836, m. Ingerid Persdtr. Nedland, f. 1814, d. 1895

Barn:

Ingeborg

Lars, f. 1843. Meir om han nedenfor.

Jakob, f. 1852. Meir om han nedenfor.

Peder, f. 1852 Joren, f. 1841

Lars var handelskar og av dei gylendingane som reiste nord i Dalane og kjøpte opp strikkevarer, og drog austover på handel

(Bygdebok for Gyland side 553)

**Lars Larsson Skaret**, f. 1843, d. 1913

G. 1. 1884, m. Ida Sofie Tormodsdr. Stakkeland, Fjotland, d. 1888.

G. 2. 1890, m. Regine Jakobsdr. Seljord, Gyland.

Barn i 1. ekteskap: Lars og Lovise

Handelskar som faren og broren Jakob.  
(Bygdebok for Gyland side 553 )

**Jakob Larsson Mydland / Urdal**, f. 1852

G. 1.1885, m. Tori Olsdtr. Stangborli, f. 1857, d. 1893.

G. 2. m . Tøri Olsdtr. Gyland

Barn:

1. ekteskap: Lars og Inga

2. ekteskap: Theodor og Tonetta


Jakob hadde gard på ymse stader. Han hadde tidlegare budd på Åtland, Gyland, Urdal, Bekkevold i Øvre Li, Timli, Djubesland i Finsland, og så kom han til Mæleste der han var til sin død. Jakob var handelskar, og ein av dei siste som handla med strikkevarer

(Bygdebok for Gyland side 494)

Bygdeboka for Gyland omtaler 28 personer som handelskarer, og A.I.Liland i Sirdal sa at ”Hvis en parer en Jøde med en Jærbu får en ein Gylending”.

## NORMANNS-VEIEN

Det er lite vi veit om veien kramkarane fra Gyland gjekk. Det vi veit er at folk som ferdast, ofte tok kortaste veien over fjella. Johannes Skar skriv at gylendingane gjekk Normanns-vegen frå Austegard til Setesdalen (Sjå kopi av kart fra boka: Gamle vegar i Vest-Agder av T.N. Hageland). Det er mulig at reiseruta for kramkarane frå Gyland var denne: Gyland, Fjotland, Eiken, Åseral, Åknes, Austegard, Prestvorheia, Såveskar, Setesdal, Telemark (Skien, Ulefoss). Hvis de hadde kjøpt spøt i Bjerkreim, gikk de kanskje rett østover fra Hegelstad over Rambjørgeia til Stavtjørn som har en god hedler. Videre om Hommen til Øyestøl i Sirdal som en tid hadde bevilgning for gjestgiveri. Så til Skeie via ”Byvegen”, om Ousdal til Kvinen som i den tid var et trafikknutepunkt, (En Gylending, Jørgen Jørgensen Urdal, ble begravet 10/8-1794. Han ble funnet død på heia mellom Sirdal og Setesdal). Videre om Gaukhei til Borteli og Åknes i Åseral. Professor P.A. Munch skreiv i et brev at alle veier fra Rogaland og Vest-Agder samlet seg på Moland i Telemark.



Sommerstid er det lett å ta denne fjellvegen med spøtevarer. Spøtet vart oppkjøpt i Bjerkreim på vårparten og fraktet korteste vegen mot aust – det var denne fjellvegen.

Vegen gjekk fra Bjerkreimbygda om Homme til Øyestøl i Sirdal, videre om Ousdal til Kvinen, om Gaukhei til Borteli og Åksnes i Åseral og til Moland i Telemark.

Kartet viser vegen fra Bjerkreim til Åksnes i Åseral. Dette er ei gamal hovedferdselsåre og ofte med stor trafikk langs denne vegen. Vi veit at mang en Bjerkreimsbu i gamal tid har funne sin ektemake både i Sirdalen og i Åseralgrenda. Dette fortell om eit rikt samkvem mellom desse bygdene.

## HUSFLID OG HANDVERK SOM TILLEGGSS - NÆRING.

I boka: «Norske bygder, Setesdal» står det at tinndølene kom med kram og gylendingene med strikkevarer. Dette er ein trafikk ein kan finna spor etter langt attende i tida. Gylendingane hadde ikkje ull til meir enn eige bruk. Lenger vest i Dalane, der sauehaldet var større, laga dei vadmål og strikkevarer for sal. Vi har grunn til å rekna sokkestrikking for ei tilleggsnæring særleg i Dalane, frå midten av 1600-talet. Denne verksemda vaks utover 1700-talet og 1800-talet.

På 1700-talet har vi opplysningar om at strikkevarer blei omsett både innanlands og utanlands.

Gylendingane som fra gamalt av var handelsfolk, kjøpte strikkevarer som dei reiste austover med og selde. Dei kunne reisa så langt som til Kongsberg og Ulefoss. Der aust handla dei til seg brynesteinar, tobakk og andre småsaker som dei selde på heimveien

Eilert Sundt (1817-1875) fortel at husflidproduksjonen i Bjerkreim blei dreven i kvart hus. Arbeidet gjekk føre seg i tida fra oktober til april, men fleire stader dreiv dei på også mellom onnene. Mange stader hadde mennene tatt over ein del av fjøsarbeidet, slik at kvinnene skulle få betre tid til strikking. Borna var og med a strikka frå dei var åtte til fjorten år, både gutar og jenter. «Medens Gjøsdal virker sit overskud af uld til simpelt eller hvidt vadmel (..), så virker Birkrim sin uld op på en måde, som kræver mere arbeide, nemlig til spød, som det her kaldes, d.e. strømper og nattrøier (som sælges hele Østlandet over, og selv i Christianias butikker).»

I 1805 var strikking ei viktig næring for Bjerkreim. Det året skreiv C. H. Pram at: «Birkrim er merket for sin Beliggenhed, betydelige Velstand. Dette kommer dels af den her alminnelige Industri, som består i den her som nogle steder i Jylland alminnelige Strikning, hvorved mange tusende Par Strømper og en del Huer udføres, hvorved en stor Del af østlige Egne forsynes med denne Artikel.....»

Et år på denne tid ble eksportert over 2000 par sokker til Frankrike. Vel fra Eigersund. (Årbok 1983. Stavanger Museum Målfrid Grimstvedt: Spøt til salg Strikking som binæring i Rogaland før 1900)

Fra lensmannstillingen (Amtmannsarkivet) ser vi at lensmannen i Bjerkreim oppgir at i 1865 solgtes det spøt for 6500 spesidaler fra Bjerkreim.

1 spesidaler var 4 kroner, og med pristigningen kan vi trygt legge på 2 nuller, minst, på dette tallet, dvs flere millioner kr. etter dagens pengeverdi.

## BRYNER FRÅ DALEN

I Eidsborg i Dalen i Telemark var det i si tid uttak av brynestein som blei seld i store mengder. Brynesteinane fant veien til fjerne stropk på kloden. Markedet i Europa var nok det viktigaste, men også slavane på sukkerplantasjane i Mellom-Amerika skjerpa ljåane med bryne fra Dalen. Under første verdenskrigen blei dei franske soldatane oppsette med bryne for å gjera bajonettane kvasse.

Ein del av eksporten av brynestein gjekk over Stavanger hamn. Truleg blei brynesteinane frakta over fjellet, anten på hesteryggen eller mannerygg. Den mest naturlege veien gjekk gjennom område i nedre Telemark. Skien er grunnlagd på eksport av brynesteinar. Borgarane i Skien hadde privilegier på handelen.

(Kjelde: Helge Haugen: «Steiner er ikkje bare stein»)

På sin veg "Nordover Dalane" for å kjøpe opp spøt passerte de både Heskestad og Helleland Kommuner. Ifølge lensmannslistene ble det produsert lite spøt i disse kommunene.

I Gjesdal ble det heller ikke produsert mye spøt. Der ble ulla mest brukt i veven. Som man forstår er det da bare igjen en stor spøt-produsent; Bjerkreim. Det er bare så synd at det der i

kommunen ikke er tradisjoner om denne handelen. Om disse geiteskinna som er omtalt, så kan de også gjerne ha vært fra Bjerkreim. Det er geit på gardene der like inn i vår tid. Vi ser for oss at kløvhesten kunne ta et stort lass spõt på ryggen, sålenge det var tørt. Det er vel derfor bare rimelig å tru at skinnene ble brukt til å skjerme spõt-lasset mot regn.

## KRÅMKARER OG HANDELSMENN



*Ein handelsmann på besøk hjå ei gamal gardakone.*

Omgangshandel med finere tøystoff – de såkalte kråmkarer drog fra sted til sted med sine varer. Denne handelen har røtter langt tilbake. Men andre varer som her er nevnt; som brynesteiner fra Eidsborg i Telemark, skinnvarer, jernvarer som jær, humle, salt, tobakk, nåler og andre småvarer vart også omsatt omkring i bygdene. Varene bar de på ryggen i en sekk, eller de lastet varene opp på hesteryggen når børa var tung og avstanden stor. Slike handelsmenn opparbeidet seg gode kontakter hvor de fikk kjøpt varene og hvor de senere fikk solgt dem. Og hadde de i tillegg god salgsteft, så gikk handelen godt. Den kunne gå i arv gjennom flere ledd – fra far til sønn.

## II

### Paul Tengedal, Bjerkreim

#### VALBORG APELAND (f.1920) FORTELLER:

Så langt Valborg kan huske tilbake så var det tri strikkemaskiner i bygda. Det var mor; Signe Birkrem (1899-1975), og så var det Hanna Gjedrem (1876-1957) på Birkemona, og så var det Torfrid Bjerkreim (forretning fra 1927). Mor og Hanne dreiv kun heimestriking for folk, og dreiv aldri videresalg. Mor strikket aldri votter. Torfrid dreiv bare med videre salg.

Mor og Hanna hadde strikkemaskiner heime og strikket kun for bestilling fra folk i bygda eller for deres venner og kjente. Alle som ønsket strikkevarer hos mor eller Hanne måtte selv skaffe garnet som skulle nyttes.

Mor skreiv dagbok fra krigsåra og fram til hun døde. I denne boka har hun notert at hun hadde over 100 ting som låg i garn og ventet på å bli strikket. Hun satt med maskinen og strikket dagen lang. Denne maskinen har de enda stående på loftet. Maskinen var slik at hun kunne strikke

runde ting ved å flytte på noe av utstyret i maskinen. Det var Lise Olava Berland (giftet seg senere til Kyllingstad) som lærte mor å bruke maskinen. Mor spømte til folk i Ørdsalen, Nordgardane og ellers omkring i bygda.

### STRIKKEMASKINEN TIL SIGNE BIRKREM



Maskinen til Hanne var slik at hun måtte strikke fram og tilbake. På Birkemo var også Thea med på stikkingen. Hun var utlært skredder, men hjalp Hanne og stikket på maskinen i ledige stunder. Hverken mor eller Hanne strikket for salg til Torfrid, de hadde begge mer enn nok arbeid med sine egne bestillinger i bygda og blant venner og kjente.

På maskinene strikket de alt mulig slags klær; det var ull-undertøy til mannfolk, både skjorter og bukser. Til kvinnfolk; understakker av finere strikkegarn. Så var det utenpå jumpere (ullboler), skjerf og sokker i alle slag, men aldri votter. Valborg forteller at de har flere klær liggende som er strikket på maskinen til mor.



*Denne understakken har Signe Birkrem strikket på sin maskin.*

*Studer det fine mønsteret!*

*I Danmark brukte de slike som sommerkjoler.*



Valborg forteller at mor fikk et oppdrag å strikke klær til en liten gutt. "Hvor stor er gutten?", spurte mor, hun fekk bare vite kor gammel han var, mer visste de ikke. Da sa mor at hun måtte sjå gutten, hun kunne ikke strikke etter alderen. Mor var alltid nøye på at klærne hun strikket skulle passe godt. Og Valborg fikk en gang kjeft av en strikkekone på torget i Stavanger. Valborg bemerket at en underskjorte ikke var riktig strikket under armene. Dette skulle hun aldri ha sagt, kona ble skikkelig sint.

Viljen, bror til Valborg, strikket også ofte på maskinen til mor. Viljen var hjertesyk og kunne ikke ha tungt arbeid ute på garden. Maskinen ble sannelig godt utnyttet, forteller Valborg. Viljen arbeidet også på forretningen til Torfrid Bjerkreim. Som sagt hadde Torfrid også strikkemaskin. Og Viljen strikket også på denne maskinen når han hadde ledige stunder i forretningen. Så var Bergliot Gjedrem også med i forretningen til Torfrid og strikket på denne maskinen i ledige stunder. Derfor var det ikke mange ledige stunder at denne strikkemaskinen heller stod stille.

Torfrid strikket ikke for folk i bygda. Hun kjøpte garnet fra Ullvaren på Ålgård og solgte strikkevarene til grossist i Oslo som solgte varene videre. Men Torfrid kjøpte også strikkevarer rundt omkring i bygda og solgte videre til Oslo. Valborg kan ikke huske det fortalt at Torfrid solgte strikkevarer andre steder enn til Oslo. Men det ble fortalt at Torfrid solgte flere partier votter over til USA. Oppover Vestlandet, Bergen og videre nordover mener Valborg at Torfrid ikke solgte strikkevarer. (Valborg har et utrolig godt minne).

Det kom mye strikkevarer fra Ørdsalen og strandgardene utenfor. Flere hadde gjeld til Torfrid for kjøpevarer de hadde fått og betalte så tilbake med strikkevarer. Theodor Løvbrekke (1892-1973) kom ofte innom i huset deres. En gang fortalte han at han nettopp hadde vært hos Torfrid med strikkevarer. Da tok hun omkring han og klemte til ham og alle strikkevarene han hadde i fanget. Torfrid var flink å hjelpe folk når det trongs.

Ute på bygda strikket de selbuvotter for det meste. Torfrid hadde mange kontakter utenfor bygda. Hun var god i forretninger, og fortalte videre hva hun hadde for salg. Torfrid skaffet mange arbeid og inntekt med dette videresalget av strikkevarer.

Så forteller Valborg at folk på Heia spømte for salg og solgte spømdevarer til Torfrid. Valborg var en gang på Steinsland og besøkte Lars og Bertha Steinsland. Hun husker det så vel, hun og Solfrid skulle besøke Anny og Ingrid som var like gamle, da hadde de hos Lars og Bertha stående to stappende fulle korgstoler, med selbuvotter og selbusokker som de hadde strikket og som skulle leveres til Torfrid. Valborg syntes de var så utrolig fine, sier hun. (vinterens produksjon - hvor mange vottepar /sokkepar kunne det være?)

Valborg kan ikke huske at det ble levert spømdevarer fra Vinningland, Apeland, Versland. Heller ikke fra Tengesdal. På Tengesdal og Hetland handlet de i Egersund, om de hadde spømdevarer for salg, så gikk nok det den vegen. Så kan hun ikke huske at andre nord i bygda hadde strikkemaskiner. Mor leverte mange strikkevarer til Nordgardane. Valborg kan heller ikke huske at noen av forretningene på Vikeså drev med handel av strikkevarere.

### BERTHA TENGESDAL (f 1949) FORTELLER:

Hun vaks opp på Steinsland i Bjerkreim og forteller at de på nabogarden spømte hele vinteren for salg. Der satt dattera Ingfrid og karet den heimeklippa ulla, og mora Guri satt med rokken og spann. De strikket selbuvotter og solgte til Torfrid Bjerkreim, som solgte disse videre. Når det ble vår i lufta vasket de vottene og hengte dem opp til tørk på lange snorer, "dusinvis i tallet". Hun kan ikke huske at de selv farget det svarte garnet, sikkert utført hos andre. Det var kun selbuvotter de strikket slik hun husker. Dette arbeidet holdt de på med til midt på 1960-tallet.

## TØNNES BJERKREIM (1865-1939) SKREIV I MINNEBOKA SI:

«Eg minnes dei første gonger eg var med far til Egersund. Dei brukte ikkje stort penger då. Far hadde med seg nokre par sokker som mor eller tenestejentene hadde spøtt. Dei bytte han bort i dei varene han sko ha med seg heim. Sokkane fekk han alminnelig 80 øre paret for. Og 3-4 par var nok til det som sko kjøpast heim.

Folk laga mækje seljespød - heilsokka, halvsokka, vottar, og trøie. Om vintrakveldane - når dei var ferdige med vevinga, og i ledige stunder, sat kvinnfolka og spøtte. Om sumaren når dei sko ut på breitlo - raka høi helle gå med boje (kyrne) om morgonen og ha dei heim om kvelden, gjekk jentene og spøtte.

Prisen då på seljespøt var 30-35 øre for vottar og halvsokka. 60-70 øre for heilsokkar, og 2-2,50 kr. for blåtrøye, og 3 kr. åttabladrøye. Spøtet brukte dei for det mesta til å bytta bort i varer hjå landhandlaren. Og noken sparte det saman til haustmarken i Stavanger. Dertil kom oppkjøpare frå austlandet og kjøpte store partier.»

Tønnes skaffa også spøtevarer som Johan Slettebø (1872-1961) selde i Bergensområdet når han var på emisærreiser der.

## KONKLUSJON

Det er helt klart at salg av spøtevarer fra Bjerkreim har lange tradisjoner slik Arnfinn Olav Kalhovd, Åseral og Rolf Hetland, Ålgård allerede har funnet ut.

Tønnes Bjerkreim nevner i minneboka at det i hans barndom (1870-åra) "kom oppkjøpere fra austlandet og kjøpte opp store partier." Siden vet vi at Tønnes også formidlet salg av spøtevarer "til å bytta bort i varer hjå landhandlaren". Han dreiv selv landhandel i Bjerkreimsgarden fra 1897 til han flytte til Austlandet i 1913.

Og deretter kjenner vi til Torfrid Bjerkreim sin handel med spøtevarer. Hun dreiv også landhandel i Bjerkreimsgarden fra 1927 og solgte spøtevarer til utpå 1980-tallet.

Tønnes var far til hennes brors kone - så Torfrid ble ganske sikkert godt kjent med salg av spøtevarer derifra, og har tatt etter. Slik går allting som en rød tråd ihvertfall helt fra 1600-tallet og til våre dager (utpå 1980-tallet). Da vart det helt slutt på salget av spøtevarer fra Bjerkreim.

Det kan heller ikke være noen tvil om at salg av spøtevarer har vært en betydelig inntektskilde for mange familier i Bjerkreim. Hvor stor den økonomiske verdien har vært er vanskelig å si, men at det har dreiet seg om flere millioner kroner i dagens pengeverdi er det ingen tvil om.

I dag er Bjerkreim landets største sauekommune. Sauen gir en vesentlig del av inntektsgrunnlaget. Med disse to artikkene er det vel dokumentert at sauene har hatt stor økonomisk betydning i denne bygda også gjennom lange tider tilbake.

Aaland Gård, juni 2015  
Paul Tengesdal